



Mona les på heimebane (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalingane Mona Vetthus og Gjermund Fredheim vil ha sentrale roller på Kvinnherad kulturfestival 2013. Festivalen har 10 årsjubileum og vert i år skipa til for 11. gong



Gjermund spelar på heimebane (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det heile tok til i 2003 med ein to dagars festival.
I dag går festivalen over fire dagar, i tida 14. -17 februar.

Mona Vetrhus er einsentral utøvar på bokbadet
på Sunde kyst-og litteratursenter, saman med den
nasjonale forfattaren Jon Michelet. Anne Karin
Fonneland vil ha samtale med Mona
om debutdiktboka Nokre gitar kjem ikkje heim i kveld.
Jon Michelet fotel og les frå boka si om krigsseglarane,

ein bestseljar av alle romanar i år.
Mona skal i tillegg ha forfattarbesøk
på nokre skular i Kvinnherad.

Gitaristen Gjermund Fredheim saman med Robert Post
og Harald Kvasnes er sett opp med konserten
Popsongar møter klassiske gitaristar.
Gjermund Fredheim og Anette Bjørnenak vil avslutta
Kvinnherad kulturfestival søndag 17. februar med
barokkonsert på Undarheim gard.

Vi må og ta med at uskedelingen Gaute Haugland er kunstnaren bak
Kvinnherad kulturfestival sin grafiske design med logo og fontar.

Eit nøyaktig program med informasjon om billettsalet
vert kunngjort i neste veke.
Arrangøren har stor tru på at det vert fullsett
kystkultursenter på bokbadet med Vetrhus og Michelet.
Det same gjeld konsertane med Fredheim.
På Undarheim gard er det avgrensa plass.
Her gjeld det å vera tidleg ute.